

Førebuing til jul - med nye barneauge

07.12.2010



Uskedalen-elevane hører på Johanne Øvstebø Tvedten

Det nærmar seg jul og det betyr at Sunnhordland Museum igjen er på farten med å gje førebuingane i gamaltida ei levande, dramapedagogisk ramme - for andreklassingar.

**Bygdetunet Rød er ein arena og dei andre
er sjølve museet på Stord, Nistovetunet i Omvikdalen og Halsnøy Kloster.**



Bjørn Arve Lunde fortel Kjetta på Dovre for elevane

Johanne Øvstebø Tvedten som er undervisningsleiar og

Bjørn Arve Lunde som er bygningsvernarkitekt men også har eit mildt sagt sprudlande talent for drama gjennomfører rundt rekna 45 program rundt om i distriktet.

I dag på Rød var turen kome til andreklassingane (14 i talet) frå Uskedalen, Skarveland, Valen og Bringedalsbygda og i morgon står Undarheim for tur. Duoen har halde det gåande i 7 år no og dei er på Rød tredje året. Men når uskedalen.no spør Johanne om dei ikkje no tar til å bli slitne av same opplegget er svaret spontant:

- Jo, men med nye barneauge er vi i gang att!

Forresten har programmet ei lengre historie enn som så. Det var Tutta Laukholm som starta det allereie for nesten 20 år sidan. Når det blir retta mot andreklassingar er det i tråd med læreplanen som seier noko slikt som at dei skal lære om levevilkår på ein gardi gamal tid. Og at dette er den rette alderen for eit slikt program kan det ikkje vera tvil om fordi ungane er så lekne og lette å engasjera. Det opplevde vi som var fluger på veggjane på Rød i dag - her skorta det sannelig ikkje på engasjement og vilje til å stilla spørsmål. For ikkje å nemna den levande fantasiene!

Bygdetunet vårt i Uskedalen er også ideelt for opplegget, understrekar Johanne og Bjørn Arve. Dei kan halda det gåande i to stover samstundes og dei har mange gjenstandar som kan nyttast til å levandegjera historia. I innleiinga vart det lagt vekt på lysfesten som gjekk foran Jesu fødsel og tru og overtru var også eit grunnleggjande tema.

Mykje av tida vart ellers brukt til å illustrera alt strevet som juleførebuingane innebar for 150 år sidan. Og tausene og drengane var villige med og leika kva dei gjorde. Her var det vassbering, flatbrødbaking, klesvasking, karding, spinning, strikking og torskefiske, for berre å nemna noko. Men det vart også tid til eventyrteljing og sjeldan har vi hørt Kjetta på Dovre formidla så livfullt som av Bjørn Arve.

Ikkje rart at elevane sat som tente ljos!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bjørn Arve og Johanne illustrerer korleis dei fanga juletorsken!